



Kviteseid kommune



ENDRINGAR I SKULESTRUKTUR I KVITeseID KOMMUNE

Høyringsnotat

Innhald

| | |
|---|----|
| Bakgrunn..... | 1 |
| Situasjonen ved Straumsnes oppvekstsenter i dag..... | 2 |
| Talmateriale | 2 |
| Elevtalsutvikling | 2 |
| Pedagogisk perspektiv..... | 4 |
| Fagfornyinga – endringar og konsekvensar | 4 |
| Fagfornyinga og den nye læreplanen, Kunnskapsløftet 2020 (LK20) | 4 |
| Tverrfaglege tema..... | 5 |
| Profesjonelle læringsfellesskap..... | 5 |
| Kompetanseomgrepet i skulen | 6 |
| Endringar i læreplan – konsekvensar for skulestruktur? | 6 |
| Økonomisk perspektiv..... | 7 |
| Den økonomisk situasjon i Kviteseid kommune | 7 |
| Kostnadsdrivarar i skulen..... | 9 |
| Elevtimar..... | 9 |
| Elevtimar knytt til enkeltvedtak | 9 |
| Skulebygg..... | 10 |
| Alternativkostnad..... | 10 |
| Samfunnsperspektiv..... | 11 |
| Lokalsamfunnet..... | 11 |
| Skuleskyss..... | 11 |
| Etterbruk av bygningar ved ei eventuell skulenedlegging..... | 12 |
| Straumsnes oppvekstsenter | 12 |
| Vurdering av barnets beste..... | 13 |

Bakgrunn

Våren 2019 ynskte kommunestyret ei fagleg utgreiing frå administrasjonen knytt til seks konkrete spørsmål kring skule og SFO. I kommunestyret desember 2019 blei rapporten «Framtidas skule i Kviteseid kommune» lagt fram. Kommunestyret vedtok at administrasjonen utarbeidde eit høyringsnotat kring skulestruktur.

Høyringsnotatet som vart utarbeidd bygde i stor grad på rapporten «Framtidas skule i Kviteseid kommune». I tillegg vart noko bakgrunnsmateriale henta frå fagutgreiinga «Det gode læringsmiljø – skule og barnehage mot år 2020» utarbeida i 2015.

Vinteren 2020 ramma Korona-viruset Noreg og verda, og gjorde at høyringsprosessen ikkje kunne gjennomførast som planlagt. Samstundes søkte elevane ved Straumsnes oppvekstsenter ein etter ein om å starte på Kviteseid skule frå skuleåret 2020-2021. Det vil seie at ved starten av inneverande skuleår starta det ikkje opp skuledrift ved Straumsnes oppvekstsenter.

I Klima, miljø og oppvekstutvalet (KMO) 08.09.20 vart det vedtatt at høyringa skulle endrast til å gjelde berre skuledrift ved Straumsnes oppvekstsenter. Det vil seie at skuledrift ved Brunkeberg oppvekstsenter held fram som nå og er ikkje omfatta av denne høyringa.

Situasjonen ved Straumsnes oppvekstsenter i dag

Frå skuleåret 2020 - 2021 er det ingen elevar ved skulen på Straumsnes oppvekstsenter. I talmaterialet lenger ned i dokumentet ser vi at det i perioden 2014 - 2020 er fødd frå 0 -2 barn i Vrådal per år. Det vil seie at elevgrunlaget er svært lite. Barna frå Vrådal som har starta opp på Kviteseid skule inneverande skuleår har søkt om og fått innvilga dette på individuelt grunnlag. I Straumsnes barnehage er det inneverande år to førskulebarn. Det vil seie at slik situasjonen ser ut nå, vil skulen i så fall hausten 2021 ha maksimalt to elevar.


Talmateriale

Elevtalsutvikling

Skulestruktur er ikkje statisk, men endrar seg i tråd med samfunnsutviklinga. Frå 1947 og fram til i dag har det gått frå 23 til 3 skular i Kviteseid kommune. Tilsvarende endringar har mange andre kommunar også opplevd. Siste skulenedlegging i kommunen var i 2008, då Fjågesund skule blei lagt ned. Sentralisering og auka krav til opplæringa og innhaldet i skulen er nokre av årsakene til utviklinga.

Elevtalet i Kviteseid kommune har endra seg, frå 352 elevar i år 2000 til 218 elevar inneverande skuleår (sjå oversiktar under). Førre skuleår var det ei gledeleg auke på 10 elevar på Kviteseid skule. Men totalt sett i kommunen har vi likevel ein nedgang på 10 elevar til inneverande skuleår.

Elevtalsutviklinga verkar negativt inn på kommunen sitt inntektsgrunnlag i rammeoverføringane frå staten, sidan rammeoverføringa er knytt til talet på innbyggjarar og alder.



Oversikta syner nedgangen i elevtal frå år 2000 til 2015.

Tabellen under syner elevtalsutvikling frå 2015 - 2020.

| | Kviteseid | Brunkeberg | Straumsnes | Total |
|-------------|-----------|------------|------------|-------|
| 2015 - 2016 | 198 | 22 | 13* | 243 |
| 2016 - 2017 | 197 | 23 | 15 | 235 |
| 2017 - 2018 | 191 | 27 | 12 | 230 |
| 2018 - 2019 | 178 | 31 | 9 | 218 |
| 2019 - 2020 | 188 | 31 | 9 | 228 |
| 2020-2021 | 190 | 28 | 0 | 218 |

*Bare 1.-4. trinn. Skulen hadde også elevar på mellomtrinnet, 5.-7. trinn, dette året.

Kjelde: GSI

Elevprognose for Kviteseid kommune

| Skuleår | Elevtal |
|-------------|---------|
| 2020 - 2021 | 218 |
| 2021 - 2022 | 213 |
| 2022 - 2023 | 212 |
| 2023 - 2024 | 207 |
| 2024 - 2025 | 207 |
| 2025 - 2026 | 197 |

Prognosen tek utgangspunkt i barn fødde i Kviteseid kommune i perioden 2014 til 2019 (Kjelde: Helsestasjonen). Vi ser at skuleåret 2025 - 2026 ligg det an til å vera 197 barn i skulealder totalt i Kviteseid kommune, basert på tal på barn som er fødd i kommunen i dag. Tilflytting/fråflytting vil endre biletet og marginane er små sidan kommunen er liten. Frå år 2000 er det ein total nedgang på 155 elevar i Kviteseid kommune.

Oversikt over tal på barn født i Kviteseid kommune siste seks år

| Årstal | Barn født i Kviteseid kommune totalt | Tal på fødte barn heimehøyrende i Vrådalen |
|--------|--------------------------------------|--|
| 2014 | 21 | 2 |
| 2015 | 14 | 1 |
| 2016 | 24 | 2 |
| 2017 | 14 | 0 |
| 2018 | 22 | 1 |
| 2019 | 10 | 1 |
| 2020 | 22 | 1 |

Vi ser at tala endrar seg ein del annan kvart år. I dag har vi desse barna fordelt på to klasser på 1.-4. trinn. Frå 5. trinn har vi dei samla i ei klasse. Talet er ikkje større enn at dei kan vera samla i ei klasse frå 1. trinn. Frå eit økonomisk perspektiv gjev ei samling i ei klasse mest handlingsrom. I dei åra som har lågare tal (14, 14 og 10), burde dei frå eit pedagogisk perspektiv vore samla i ei klasse.

Pedagogisk perspektiv

Fagfornyninga – endringar og konsekvensar

Fagfornyninga og den nye læreplanen, Kunnskapsløftet 2020 (LK20)

Med fagfornyninga blir innhaldet i faga nytt og kritisk tenking og refleksjon blir ein større og viktigare del av kva elevane skal lære. Årsaka for endringane i læreplanen vi har nå, Kunnskapsløftet (K06), er tredelt. Det elevane lærer skal vera relevant. Ein ser at samfunn og arbeidsliv endrar seg med omsyn til teknologi, kunnskap og utfordringar. Vi treng barn og unge som er reflekterte, kritiske, utforskande og kreative. Elevane skal få meir rom for djupnelæring. Ein ser at mange læreplanar har vore for omfattande, og med fagfornyninga skal det gjerast tydelegare prioriteringar. Det skal bli betre samheng i og mellom fag og dei ulike delane av læreplanverket skal henge betre saman.

Fagfornyninga har følgjande sentrale element:

Ny overordna del for læreplanverket. «Verdiar og prinsipp for grunnopplæringa»

Prioritering av tre tverrfaglege tema:

-Demokrati og medborgarskap

-Berekraftig utvikling

-Folkehelse og livsmeistring

Ny læreplanstruktur som m.a. inneheld kjerneelement i faga

Nytt kompetanseomgrep

Fokus på djupnelæring

Grunnoppplæringa skal bygge på verdigrunnlaget slik det er skildra i «Overordna del» til læreplanen. Her les vi mellom anna om identitet og mangfald, engasjement, skaparglede og utforskartrong. Verdiane og «Overordna del» skal vera aktivt i bruk i skulen og prege all pedagogisk praksis gjennom heile skuleløpet. Skulen skal både danne og utdanne. Det tyder at elevane skal gjennom skulen utvikle seg både fagleg og sosialt, og skulen skal ha fokus på å utvikle heile mennesket.

Kjelde: udir.no

Tverrfaglege tema

Dei tre tverrfaglege tema *demokrati og medborgarskap, berekraftig utvikling og folkehelse og livsmeistring* er utfordringar i samfunnet som krev engasjement og innsats frå enkeltmennesket. Desse tema skal elevane få kunnskap om og kompetanse i frå ulike vinklar i alle fag. Dei høyrer ikkje heime i bestemte fag, men ved planlegging av undervisning skal dei takast omsyn til og inkluderast. Lærarane skal også sjå faga i samanheng med forankring i desse tre tema. Ved planlegging av t.d. norskundervisninga kan det vera relevant å sjå om det er naturleg å sjå på kompetansemål i andre fag som kan kaste lys over tema frå ein annan vinkel, t.d. samfunnsfag, naturfag eller RLE. Dette tyder at samarbeid mellom lærarane blir ein ennå meir sentral del av lærarpraksisen. Dette vil krevje ei lærargruppe med ulike «blikk», ferdigheitar og kunnskap som saman kan skape god, tverrfagleg undervisning. På ein skule med få tilsette, kan dette vera sårbart og meir krevjande å få til.

Kjelde: udir.no

Profesjonelle læringsfellesskap

Skulen skal vera eit profesjonsfellesskap les vi om i «Overordna del». Det tyder at lærarane og andre tilsette skal løyse utfordringane i skulekvardagen i fellesskap. Dei skal saman reflektere, drøfte og utvikle praksisen i skulen. Læring skjer i samspel med omgjevnadane og kulturen ein er den del av. Lærarane si profesjonelle utvikling handlar om tre ting; korleis de lærer, korleis dei lærer seg å lære og korleis dei tar det dei har lært i bruk i kvardagen i klasserommet og endrar praksis. Dette betyr at dersom vi ynskjer at eit lærarkollegium skal utvikle seg profesjonsfaglig, må det leggjast til rette for refleksjon saman i eit kollegium.

Korleis kan ein best legge til rette for eit slikt samspel i eit kollegium for den enkelte lærar? Fyrst og fremst handlar det om å skape ein kultur kor dette samspelet er mogleg. Samstundes bør ein skule ha ein viss storleik for at eit slikt samspel skal vera berekraftig over tid. I eit kollegium med få lærarar og lite utskifting, er det stor fare for at det blir mindre å bryne seg på i refleksjonane. Dette kan føre til at ein lettare går i «same tralten» og at praksis i mindre grad blir justert i tråd med utviklinga i samfunnet og nasjonale føringar.

Kompetanseomgrepet i skulen

I «Overordna del» blir omgrepet kompetanse forklara slik:

«Kompetanse er å tilegne seg og anvende kunnskaper og ferdigheter til å mestre utfordringer og løse oppgaver i kjente og ukjente sammenhenger og situasjoner.»

Definisjonen tek for seg både kunnskap og ferdigheitar. Kunnskap handlar om å kjenne til og forstå fakta, omgrep, teoriar, idear og samanhengar. Ferdigheitar handlar m.a. om evne til å forstå, evne til refleksjon, kritisk tenking, samarbeid, kreativitet og kommunikasjon. Dette skal elevane bruke til å mestre utfordringar og løyse oppgåver både i kjente og ukjente situasjonar. Desse ferdigheitene utviklast i stor grad i samspel med andre. Dersom elevgruppa er liten, dess meir sårbart og tilfeldig er det om kvar elev får høve til å utvikle sitt potensial.

Det er viktig å merke seg at læreplanen ikkje har kunnskapsmål, men kompetansemål. Det tyder at læreplanen ikkje er ei sjekklister over kva elevane skal kunne (kunnskapsmål), men definerer kva slags kompetanse elevane skal utvikle. Medan eit kunnskapsmål er noko ein blir ferdig med å lære seg, vil ein alltid kunne utvide og jobbe vidare med eit kompetansemål. Eit kunnskapsmål kan ein sjå for seg å jobbe med aleine, medan kompetanse utviklar ein i større grad i samspel med andre. Då treng ein som oftast «fleire å spele på».

Kjelde: udir.no

Endringar i læreplan – konsekvensar for skulestruktur?

Fagfornyinga gjeld innhaldet i grunnskuleopplæringa, og seier ikkje noko om organisering (elevtal, klassestorleik, skuleslag e.l.). På utdanningsdirektoratet sine sider kan ein m.a. lese følgjande om skuleeigar sitt ansvar:

«Skoleeier har ansvar for at elevene får opplæring som er i tråd med læreplanverket, og har sammen med skoleledere ansvar for at skoler har riktig kompetanse. Skoleeiere skal stille nødvendige ressurser til disposisjon, og sørge for rammebetingelser som gir skolene mulighet til å sette seg inn i og ta læreplanverket i bruk på en god måte.»

Skuleeigar har ansvar for å syte for naudsynte ressursar og rammeføresetnader. Rammeføresetnader inneber m.a. å legge til rette for eit lærarkollegium som er stort nok til å utvikle eit profesjonelt læringsfellesskap og i fellesskap har tilstrekkeleg kunnskap og kompetanse til å løyse komplekse utfordringar i skulen. På ein skule med få lærarar vil dette vera meir krevjande og sårbart dess færre lærarar det er.

Rammeførestander handlar også om å legge til rette best mogleg for at elevane skal kunne utvikle sitt potensiale som forventa i fagfornyinga fullt ut. Elevane skal utvikle kompetanse til å løyse

komplekse utfordringar, både i skulen og i eit framtidig arbeidsliv. Det skal dei gjere gjennom verdiar slik som *identitet og mangfald, engasjement, skaparglede og utforskartrong*. Dei skal utvikle ferdigheitar slik som *evne til refleksjon, kritisk tenking, samarbeid, kreativitet og kommunikasjon*. Dette gjer ikkje ein elev aleine, men i samspel med medelevar. Det vil seie at skular med lågt elevtal er i mindre grad lagt til rette for å møte desse utfordringane. Når elevtalet i utgangspunktet er lågt, vil dess færre elevar føre til at dess meir sårbart er læringsmiljøet med tanke på å oppfylle intensjonane i fagfornynginga. Det er krevjande å skulle trekke ei grense ved eit tal, fordi det er mange faktorar som spelar inn på det totale læringsmiljøet til elevane. Men eit elevtal på 1.-4. trinn under 10 elevar utgjer ein så stor risiko at skuleeigar bør finne andre løysingar når dette er mogleg.

Økonomisk perspektiv


Den økonomisk situasjon i Kviteseid kommune

Kviteseid kommune sin økonomi har hatt ei bølgeform sidan tidleg på 2000 talet. Frå å vere Robek-kommune, til å ha ei ryddig og god økonomi rundt 2010, før ein igjen gjekk mot vanskelege tider i 2013/2014.

Fram mot 2019, bygde kommunen igjen opp buffer gjennom avsetning av overskot til disposisjonfond.

I 2019 vart meirforbruket i kommunen betydeleg. Eit for høgt driftsnivå førte til at bufferen er svekka. Det for høge driftsnivået er vidareført inn i 2020, med konsekvens at disposisjonfondet no knapt kan kallast ein solid buffer.

Disposisjonsfond 2013 - 1. tertial 2020:



Kviteseid kommune får sine inntekter i hovudsak gjennom skatt og rammeoverføringar.


Rammeoverføringane vert også omtalt som «dei frie» inntektene til kommunen.

Rammeoverføringane er staten sin styring av den kommunale pengebruken. I rammeoverføringane ligg styringssignala på korleis staten forventar at kommunane skal bruke pengar på dei lovpålagte

oppgåve kommunen har, men det ligg også føringar for korleis state n ønskjer at kommunen skal styrke enkeltoppgåver som er politisk prioritert.

Eit viktig omgrep i rammeoverføringa er INntektsGARantioringen, som vert omtalt som INGAR. INGAR skal sørge for at ingen kommunar mistar meir enn 400 kr. pr. innbyggjar pr. år i rammeoverføringar. I 2020 fekk Kviteseid kr 3 311 millionar for denne ordninga. Kviteseid hadde ein negativ vekst i rammetilskotet på kr -1 170,- per innbyggjar, veksten på landsbasis var på kr 669,- Kommunar som hadde lågare vekst i rammetilskotet enn kr 269,- vart difor kompensert for denne veksten. Regnestykket for Kviteseid vart då $1170 + 269 - 54$ (finansiering av ordninga) = 1389 per innbyggjar. $1385 * 2391$ innbyggjarar = kr 3 311 mill.

Frå 2016 har Kviteseid blitt kompensert fylgjande gjennom Ingar:



INGAR er svært usikkert, men vi kan rekne med at denne kompensasjonen vil falle monnaleg frå 2021.

Den største posten i rammetilskotet frå staten er innbyggartilskotet, fyrst får kommunane eit beløp per innbyggjar (kr 25.083,- i 2020) så vert dette beløpet korrigert for berekna utgiftsbehov i forhold til resten av landet. I denne berekninga er det 24 kriterium. 8 av desse er alderskriterium. Aldersgruppa 6-15 år er den aldersgruppa som vert vektta høgast. Har vi færre innbyggjarar i denne aldersgruppa i høve til resten av landet, vert inntektene korrigert ned i høve til vektinga. Kviteseid har i fleire år hatt færre innbyggjarar i denne aldersgruppa i høve til resten av landet, og dermed også fått redusert utgiftsbehov i denne aldersgruppa.

I budsjettet for 2020 var drift ved Straumsnes skule (heile kalenderåret) kalkulert til 2 millionar. Det er ei målsetting å kunne spare inn same summen ved å legge ned Straumsnes skule. Det er likevel verdt å merke seg at det er nokre moment som er usikre og/eller ubereknelege, slik som:

- Ressurs til leiing ved barnehagen i Vrådal
- Tal på elevtimar knytt til einskildvedtak i skulen samla sett
- Skuleskyss

Dei to siste punkta vil blir drøfta nærmare i påfølgjande avsnitt.

Kostnadsdrivarar i skulen

Elevtimar

Talet på klasser vil vera vesentleg når ein skal vurdere kostnadsbehovet i skulen. Ei ekstra klasse gir direkte eit behov for ressursar tilsvarende minimum eit årsverk. Det vil seie at dersom ei samanslåing av skular fører til klassesdeling, vil eventuelle innsparingar vera mindre. Dette er ikkje tilfelle når det gjeld å overføre elevar frå Straumsnes oppvekstsenter til Kviteseid skule. Det vil ikkje føre til behov for å opprette fleire klasser.

Ein annan faktor er talet på delingstimar. Det vil seie fag kor ei større elevgruppe har behov for å vera mindre. Dette gjeld som oftast for ein del av dei praktisk-estetisk faga, til dømes kunst og handverk, men dette er sjeldan eit behov på dei lågaste trinna (1.- 4. trinn). Delingstimar er også naudsynt i nokre fag på ungdomstrinnet som t.d. valfag og framandspråk.

Skulen har sidan 2017 hatt ei nasjonal lærarnorm, nedfelt i [forskrift](#). Frå august 2019 blei norma skjerpa til å vera 15 elevar pr. lærar på 1.- 4. trinn og 20 elevar per lærar på 5. - 10. trinn. Timar knytt til enkeltvedtak, slik som særskilt norskopplæring og spesialundervisning, kjem i tillegg til kravet til lærartettleik. Det er verdt å merke seg at kravet er på skulenivå. Det vil seie at dette ikkje er eit krav til storleik på klasser. Det er heller ikkje eit krav til kor mange elevar det skal vere pr. lærar pr. time. Kravet til lærartettleik gjev rom for å ha fleksibilitet i det pedagogiske opplegget. Til dømes kan lærarressursar brukast til intensiv lese- og skriveopplæring for elevar som har behov for det i ein periode.

Ved å legge ned skulen ved Straumsnes oppvekstsenter vil ein ha ei direkte innsparing på kostnadene knytt til SFO og leiging. I SFO utgjør dette ca. 30 % stilling og til leiging ca. 40 % stilling.

Elevtimar knytt til enkeltvedtak

Kostnadsdrivar nummer to er omfanget av timar i skulen knytt til enkeltvedtak eller enkelte elevar sine rettar. I hovudsak vil dette vera timar knytt til spesialundervisning, men det vil også inkludere timar knytt til særskilt norskopplæring. Særskilt norskopplæring ikkje berre er ein rett for barn som kjem som flyktingar, men gjeld uavhengig av korleis ein har kome til Noreg. Det kan t.d. vera arbeidsinnvandring eller ved å gifte seg i Noreg. Det vil seie at vi har ikkje kontroll over utgiftene til særskilt norskopplæring, sjølv om Kviteseid kommune ikkje lenger tek i mot flyktingar. Elevane har også rett til eit trygt og godt skulemiljø. Det vil seie at eventuelle ekstra ressursar knytt til å gjenopprette eit trygt og godt skulemiljø for elevar som i periodar ikkje har det, er heller ikkje mogleg å fråvike.

Med bakgrunn i denne informasjonen, kan ein trekke konklusjonen at det er betre å fremme og førebygge enn å reparere. Å reparere ved at elevar får rettane sine aktivert ved hjelp av enkelttimar gjev mindre pedagogisk fleksibilitet, og fører til «pukkel-kostnader». Det vil seie at kostnadene på eit område brått skyt i veret og som ein konsekvens ofte ligg utanfor budsjettamma. Ved å samle elevane frå Straumsnes på Kviteseid skule, vil skulen som heilskap kunne nytte ressursane betre for alle elevar og ha større moglegheit til å kunne redusere den totale ressursamma. Ved å oppretthalde ein desentralisert skulestruktur fører det til at det totale økonomiske handlingsrommet i kommune bli så lite at ein må spare inn på lærarstillingar og dette vil gå utover moglegheita for tidleg innsats. Vi veit at mangel på tidleg innsats, gjev eit auka behov for spesialundervisning. Dette gjev igjen auka behov for lærartimar og auka kostnader. Slik sett blir mangel på ressursar til tidleg innsats ein vond sirkel i skulen som ein bør unngå.

Skulebygg

Den tredje store kostnadsdrivaren er talet på skulebygg. Dette vil bli næmare drøfta i avsnittet «Etterbruk av skulebygget ved ei eventuell skulenedlegging». I tillegg kjem direkte kostnader til reinhald og ev. vedlikehald dersom kommunen sel bygget, som kan sparast.

Alternativkostnad

I kommuneøkonomien er det ofte knapp tilgang på ressursar til å gje dei tenestene ein skal og ynskjer. Til dømes er det mange pålagte tenester for kommunen innanfor helse-, omsorg- og skulesektoren. I tillegg ynskjer kanskje kommunen å gje tenester innanfor t.d. kultur og/eller friviljugheit. Denne situasjonen gjeld også for Kviteseid kommune. Dersom kommunen brukar ein ressurs til å produsere eit gode, t.d. oppretthalde ein grendeskule, går ein samstundes glipp av andre goder ein kunne bruka den same ressursen til. Alternativkostanden er verdien av det godet som har høgast verdi, men ikkje bleivald. Det kan derfor kaste lys over ei sak dersom ein reflektere over kva anna ressursane kunne vore brukt til.

Dersom ein ser på alternativ bruk av ressursane innafor same område, vil det vera ein fordel for skulen å kunne nytte ressursane friare enn ved å oppretthalde 1. - 4. trinn ved Straumsnes oppvekstsenter. Ressursar til førebygging, som drøfta i avsnittet «Elevtimar knytt til enkeltvedtak», er avgjerande for å kunne unngå store og uføresette kostnader på eit seinare tidspunkt.

Den overordna målsettinga til Kviteseid kommune er å auke innbyggjartalet. Kvalitet i skulen er ofte ein viktig faktor for familiar som er på flyttefot. Frå eit pedagogisk perspektiv vil det vera ein fordel å bruke ressursane til å bygge opp ein sentralskule for å oppnå høgast mogleg kvalitet. Men frå eit samfunnsperspektiv kan ein argumentere for at å oppretthalde ein grendeskule Vrådal er viktigare. Dette vil bli næmare drøfta i neste avsnitt.

Samfunnsperspektiv

Lokalsamfunnet

Vurderingane i dette avsnittet er generelle og gjeld ikkje Vrådal spesielt.

Skulen opplevast ofte som eit sentralt samlingspunkt for eit lokalsamfunn. Den representerer framtida og blir ofte oppfatta som eit symbol på eit livskraftig lokalsamfunn. Dette gjer at skulenedlegging er eit tema prega av mange kjensler. Mange av innbyggjarane vil vera i familie med barn som går på skulen, og skulen får ei viktig rolle som ein del av årshjulet ved markeringar slik som jol og 17. mai. Familiar blir kjent med kvarandre og har felles interesser gjennom skulen. Ein kan argumentere for at dette gjer skulen til ein viktig faktor med tanke på tilflytting til eit lokalsamfunn. Men sjølv om skulen tradisjonelt har hatt denne rolla, er det som oftast friviljuge lag og organisasjonar som også kan fylle den, t.d. eit grendelag.

På den andre sida kan ein argumentere for at det som betyr mest for tilflytting av barnefamiljar til eit lokalsamfunn er kvaliteten på skulen. Ein liten skule er ikkje synonymt med lågare kvalitet, men kvaliteten er meir sårbar både for læring og for trivsel dersom ein skule blir for liten. Mange familiar vil derfor ikkje ynskje å flytte til eit lokalsamfunn med ein liten skule. Dei kan frykte at barna deira vil ha mindre sjanse for å finne vener og trivst, og dei kan frykte at barna deira ikkje vil oppleve nok faglege utfordringar når klassemiljøet er lite.

Ein liten skulen vil ofte vera prega av usikkerheit med tanke på vidare drift. Dette kan også påverke negativt, både for dei som går på skulen og for dei som ynskjer å flytte til området. Slik sett kan ei endeleg avgjer om nedlegging gje eit lokalsamfunn ro til å utvikle andre arenaer som vil vera attraktive for innbyggjarane og for dei som ynskjer å flytte dit.

Skuleskyss

Driftsutgifter til skyss vil vere ein meirkostnad ved ei nedlegging av skulen i Vrådal, men med få elevar vil denne meirkostnaden bli marginal. Det vil vera særskilt viktig med gode ordningar for skyss for dei aller minste, elevar i 1. og 2. klasse.

Det er Vestfold og Telemark fylkeskommune som har ansvar for skuleskyss. Kviteseid kommune sitt ansvar er å søke fylkeskommunen om skuleskyss for alle med rett til det. Skuleskyss for elevane som har rett til de, er ein individuell rett. Det vil seie at den er knytt til kvar einskild elev, i motsetnad til ei gruppe elevar som t.d. bur i same grend. At det er ein rett gjev også høve til å klage på tilbodet ein får, dersom ein meiner det ikkje er godt nok samanlikna med forventastandard. Det er viktig å nytte seg av denne retten, når det er behov for det. Det er fylkesmannen i Vestfold og Telemark som er klageinstans, og det føresette til eleven som kan klage på vegne av sitt barn. Kviteseid kommune er ikkje part, og har ikkje klagerett. Dersom det ikkje blir gjeve medhald i klaga, kan kommunen sjølv

vurdere å legge til rette for alternative løysingar. Dette kan føre til ei meirutgift for kommune, dersom ein ikkje finn gode nok ordningar i samarbeid med Vestfold og Telemark fylkeskommune.

Retten til eit trygt og godt skulemiljø gjeld for alle elevar og gjeld også på skulevegen og skulebussen. Dette er skulen sitt ansvar. Med trygt og godt skulemiljø i denne samanheng meiner ein det psykososiale miljøet mellom elevane.

Etterbruk av bygningar ved ei eventuell skulenedlegging

Det er vurdert vanlege vedlikehaldsoppgåver som måling innvendig og utvendig, tak, takrenner, vindauge osv. Det er ingen ekstraordinære tiltak som må gjerast om bygget skal stå unytta. Det vil kome større utgifter til bygget framover om kommunen fortsett som eigar.

Straumsnes oppvekstsenter

Straumsnes avd. skule er ein tre-/murbygning, byggeår 1960. Det vart gjennomført ein modernisering i 1992. Skulebygget er bygd saman med Vrådal grendehus i den vestlege delen. Skulen har eit areal på ca. 350 m².

Kartreferanse: <https://kommunekart.com/?urlid=98b403da-91f3-49f6-bced-a5ca70df102b>

Kommunen har ei avtale om leige av rom for skulen sitt bruk av Vrådal Grendehus. Sum i 2019 kr. 61.801,-. Barnehagen brukar òg gymsalen på Grendehuset. Avtala har ei gjensidig oppseiingsfrist på tre månadar. Barnehagen sitt bruk må vurderast ved ei nedlegging av skulen. Det er stor trong for måling utvendig, elles er bygget i grei stand.

Til eigedomsforvaltning av bygget er det i rådmannen sitt budsjett for 2020 sett av kr. 405.196,-. Hovudpostane er straum (kr. 107.000,-) og vedlikehald (kr. 118.000,-) samt avskrivning. Dette er felles for barnehage og skule. Ved å stenge skulen vil ein redusere straumutgiftene med ca. kr. 40.000,- årleg. Det vil alltid vera nødvendig med ettersyn og vedlikehald sjølv om skulen ikkje blir bruka, men det vil likevel vera ei innsparing på ca. kr. 40.000,- årleg. Med eit varmebehov på ca. 30 w/m² vil kostnaden vera ca. kr. 10.000,- til straum og kr. 5 000,- til ettersyn. Står bygget tomt over lengre tid vil vedlikehaldskostnadane auke framover.

Tidlegare nedleggingar av skular viser at ein stor del av bygningane har blitt til grendehus der bygdelag har overtatt drifta. Eksempel på dette er Morgedal og Åsgrend. Det er òg eksempel på at skulebygg blir brukt til næringsaktivitet (Haukom atelier), bustad (Fjågesund og Moen) og fritidsbustad (Øvre Dalane). Straumsnes har store gode uteområde med tilrettelagte leikeplassar og flotte naturområder.

Skulebygget er plassert i same hus som Vrådal grendehus, som kommunen har ei leigeavtale med. Ein kan gå direkte frå parkeringsplassen til skulebygget. Kommunen har ikkje bruk for skulebygget, for det er god romkapasitet i barnehagen. Ved nedlegging av skulen vil det frigje litt meir plass i barnehagebygget mellom anna kontorplass skulen nyttar.

Sidan det er eit grendehus i Vrådal vegg til vegg, er det naturleg å tenke at Vrådal grendehus får overta skulebygget. Det er mange aktive lag i Vrådal og det har vore eit sagn og behov for ein samlingsstad der ein kan drive med handverk og utsal. Det kan vera eit alternativ å bruke skulebygget til slike aktivitetar.

Vurdering av barnets beste

Vurderinga som følgjer er frå eit «barnets beste» perspektiv jf. Barnekonvensjonen art. 3. Dette er eit krav i all statleg og kommunal sakshandsaming som omhandlar barn.

Barn er ulike og dei vil meine og ynskje ulikt om kvar dei ynskjer å gå på skule. Frå eit offentleg perspektiv er det likevel slik at ein har plikt til å ta omsyn til ulike moment. Eit av desse momenta er barns si sårbarheit, også som ei kollektiv gruppe. Eit lite skulemiljø aukar barn si sårbarheit. Dette gjeld både med omsyn til opplæringa og det psykososiale miljøet. Alle barn har rett til liv og utvikling jf. Barnekonvensjonen. Sjølv om eit lite skulemiljø vil gå bra for dei fleste, skal vi ta omsyn til heile spekteret av barn.

På den andre sida vil ein kunne argumentere for at det er trygt for barn å høyre til i eit lite lokalmiljø, og at overgangen frå barnehage til skule vil vera ekstra trygg når barnehage og skule er tett knytt til kvarandre og avstanden er fysisk kort. Det er gode høve får å bli kjent og trygg på skule n før skulestart ved Straumsnes oppvekstsenter.

Samstundes fører dagens skulestruktur til at barna må ha ein ekstra overgang frå 4. - 5. trinn, då alle elevar tek til på Kviteseid skule. Vi veit at overgangar er sårbare, og at overgangen frå småtrinnet til mellomtrinnet krev mykje av elevane fagleg. Då kan det vera ein ekstra risiko at barn i tillegg skal byte miljø, skule og klasse. Dette vil ein unngå for elevane frå Vrådal, dersom dei starta i 1. klasse ved Kviteseid skule.

Kvaliteten på opplæringstilbodet kan ha innverknad på barn si utvikling. Vi har i dag god kvalitet ved skulane våre. Vi må likevel innsjå at rekruttering generelt er utfordrande. Særleg er det krevjande å rekruttere lærarar med kompetanse i begynneropplæringa, noko som er avgjerande og heilt naudsynt på 1.-4. trinn. Det er også svært krevjande å skaffe kvalifiserte vikarar ved både kort- og langtidsfråver. Slik sett er både ein desentralisert struktur og små skular ein stor risiko. Lærarar blir i stadig aukande grad lært opp til og forventar å jobbe i profesjonelle team. Ein skule med mellom 4-6

elevartotalt, der ein lærar som ein konsekvens jobbar aleine med sine fag og i klasserommet, er ikkje ei attraktiv lærarstilling. Med tanke på utfordringar knytt til rekruttering og kor sårbart dette er for elevane sitt opplæringstilbod, bør vi ikkje oppretthalde dette tilbodet tre stader.

Når er ein skule for liten til å oppretthaldast? Det er ikkje eit klart svar på dette spørsmålet. Skule er komplekst, og mange faktorar spelar inn. Landet vårt er mangfalding, og nokre stader krev naturen at små grendeskular eksisterer. Kviteseid kommune er i ein situasjon kor det er mogleg å velje. Barn har rett på at vi tek omsyn til risiko og sårbarheit i deira liv. Dei har rett på ein kvalitet i skuletilbodet som sikrar utvikling og dei har rett på eit trygt og godt skulemiljø.

Vekta opp mot økonomiske omsyn vil den beste løysinga vera å legge ned skulen ved Straumsnes oppvekstsenter. Dette vil kunne gje økonomiske innsparingar som vil vera betre nytta til førebyggjande tiltak. Slik den økonomiske stoda i kommunen er nå, er det vanskeleg å koma bort frå reduksjon i lærarstillingar. Dette vil gå utover moglegheita for førebygging og tidleg innsats. Dette rammar alle barn i kommunen som i ein kortare periode har behov for ekstra hjelp og støtte. Både forsking og erfaring viser at dette vil føre til m.a. auka behov for spesialundervisning, noko som er ein av dei store kostnadsdrivarane i skulebudsjettet.

Frå eit barns beste perspektiv jf. barnekonvensjonen vil det beste vera å legge ned skulen ved Straumsnes oppvekstsenter og flytte elevane til Kviteseid skule.